



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA



Årsmelding 2020

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Innhald

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing og målsetjingar | 3 |
| 1.1 Samansetjing av AU | 3 |
| 1.2 Korona..... | 3 |
| 2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet | 4 |
| 2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet..... | 4 |
| 2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med..... | 4 |
| 2.3 Råd, utval og prosjektgrupper..... | 5 |
| 3. Arbeidsutvalet | 5 |
| 3.1 Møteaktivitet og dagleg drift..... | 5 |
| 3.2 Synlegheit og profilering | 5 |
| 4. Studentvelferd og arrangement | 6 |
| 4.1 Jobbsøkjarkurs i februar | 6 |
| 4.2 Internasjonale studentar | 6 |
| 4.3 Velferdsgruppa | 6 |
| 4.4 Psykisk helse-månaden i oktober | 7 |
| 4.5 Førstehjelp i eksamenstida | 7 |
| 5. Tillitsvalde og Studentrådet | 7 |
| 5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde..... | 7 |
| 5.2 Allmøte for tillitsvalde - Studentrådet | 8 |
| 6. Studiestart 2020 | 8 |
| 6.1 Fadderveka | 8 |
| 6.2 Val av nytt Studentparlament..... | 9 |
| 7. Samarbeid | 9 |
| 7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden..... | 9 |
| 7.2 Studentrådet i UH-nett Vest..... | 10 |
| 7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)..... | 10 |
| 7.4 SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond | 10 |
| 8. Økonomi | 11 |
| 8.1 Budsjett og rekneskap for 2020 | 11 |

1. Innleiing og målsetjingar

Studentparlamentet i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved HVO, og arbeider for studentane sine faglege, demokratiske og sosiale rettar.

Studentparlamentet består av 11 valde hovudrepresentantar med 11 vararepresentantar, og eit arbeidsutval (AU) med 5 studentar som saman med organisasjonskonsulenten tek seg av den daglege drifta.

Prinsipprogrammet for 2018-2022 framhevar Studentparlamentet sitt overordna mål om å arbeide for studentdemokrati og medverknad, studiekvalitet og studentvelferd. Dette er konkretisert i det årlege arbeidsprogrammet som fylgjer studieåret. Arbeidsprogrammet for 2020-2021, vedteke på oktobermøtet, vektlegg i tillegg inkludering og likeverd, miljø og samarbeid.

1.1 Samansetjing av AU

Arbeidsutvalet fram til april 2020:

Leiar – Trym Nikolas Rimmen

Nestleiar og internasjonalt ansvarleg – Paloma Lorenzale Alonso

Fagansvarleg – Mathilde Gaalaas-Berg

Velferdsansvarleg – David Bernatek

Informasjonsansvarleg – Anna Kristin Indridadottir (innvald i februar 2020)

Arbeidsutvalet etter valet i april 2020:

Leiar – Trym Nikolas Rimmen

Nestleiar og informasjonsansvarleg – Anna Kristin Indridadottir

Fagansvarleg – Allan Levi Melby

Velferdsansvarleg – Kishore Gajendra (mai-aug. 2020), Arnaud Duhamel (fom. okt.)

Internasjonalt ansvarleg – Paloma Lorenzale Alonso

1.2 Korona

2020 vart pandemien sitt år, og all aktivitet i Studentparlamentet vart prega av dette, frå den nasjonale nedstenginga 12. mars og ut året. AU og leiar for Parlamentet fekk mange ekstraoppgåver og ekstra møter å delta på, og det meste av aktivitet og kommunikasjon vart digital. Leiar Trym Rimmen var fast medlem i kriseleninga til HVO.

Organisasjonskonsulenten vart sett ut av spel frå mars til mai, samt deler av sommarmånadane, med omsorgspermisjon, slik at AU i stor grad måtte overta administrative og organisatoriske oppgåver. Også haustsemesteret har vore prega av koronarestriksjonane. Dette har krevd mykje av den enkelte i AU, og gjort det

krevjande å halde på motivasjonen i organisasjonen. Men vi har heldt koken og ser no mot lysare tider.

Frå mars til mai var høgskuleområdet så godt som fullstendig avstengt for studentar. Vi fekk ei gradvis opning fram mot sommaren, men med digital gjennomføring av eksamen. På hausten var det meir fysisk undervisning, særleg for førsteårsstudentar og avsluttande gradsstudentar, men med strenge avstandsrestriksjonar og bruk av alternative undervisningslokale.

2. Studentpolitisk arbeid i Studentparlamentet

2.1 Møteaktivitet i Studentparlamentet

Studentparlamentet har hatt sju møter gjennom året. Grunna koronapandemien vart møte i mars og april digitale via Zoom. Det var utfordrande å gjennomføre val digitalt, men AU drog det i land.

Heldigvis fekk vi gjennomført fysisk oppstartsseminar på Kjeldsund i september, med nokre digitale innleiingar. Her deltok blant andre NSO, SAIH, Studentombod Kjersti Møller, Studenthumanist Lone Knutsen, Simen Langeland frå Høgskulestyret, samt innleiingar frå organisasjonskonsulent, fagansvarleg og leiar i AU.

På hausten vurderte ein smittesituasjonen som såpass roleg og stabil at fysiske møter vart gjennomført.

2.2 Saker Studentparlamentet har jobba med

Koronapandemien har prega året, og sosiale tiltak for å hindre einsemd og bevare motivasjonen til studentane har vore ei viktig sak.

SP vedtok arbeidsprogram for 20-21 på oktobermøtet. Parlamentet har ikkje lukkast i å rekruttere nokon til kontrollkomiteen, og AU vurderer difor å kutte dette vervet.

Språk i Studentparlamentet vart ei sak i haust, med vurderingar av om debatten bør gå på norsk eller engelsk. Det vart bestemt å bruke engelsk fram til nyttår, medan sakspapir er på norsk.

På hausten vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på møteplasser på campus, som består av 4 representar frå Parlamentet. Den gruppa arbeider med ei ramme på 100 000 kr. Parlamentet oppnemnde også ei arbeidsgruppe for miljø og berekraft hausten 2020, og ei vedtektsgruppe for å gjennomgå eventuelle forslag til vedtektsendringar.

2.3 Råd, utval og prosjektgrupper

Utdanningsutvalet opplevde rekordmange nominasjonar til prisen for kvalitet i utdanning, og måtte jobbe ekstra for å kåre ein vinnar. Det har også blitt jobba med gjennomstrøyming av masterstudentar, der fråfallet har vore høgare enn snittet i sektoren.

Forskningsutvalet har hatt besök av nokon eksterne organisasjonar som jobbar for berekraftig utvikling. Det blir spanande å sjå korleis samarbeidet vidare blir.

Internasjonalt utval har jobba opp mot krieseleiinga med spørsmål knytt til utvekslingsstudentar. Utvalet vedtok å gjennomføre utveksling våren 2021, mot stemmene til studentane og eit par andre medlemmar i utvalet. Utvalet har også jobba med å utarbeide ein ny strategisk plan.

Læringsmiljøutvalet (LMU) sitt største prosjekt har vore å revidere inkluderingspolitikken. Dette arbeidet blir vidareført i 2021. Elles har utvalet gjennomført dialogmøter med avdelingane.

Prosjektgrupper. Studentar vart inkludert i arbeidsgruppe for det nye mediebygget og Strategi 21 for HVO. Like før jul vart vi også inviterte til å delta i arbeidsgrupper for renovering av Strøm-bygget, der planlegginga vil føregå vårsemesteret 2021.

3. Arbeidsutvalet

3.1 Møteaktivitet og dagleg drift

Sjølv om 2020 bar på nokre utfordringar har ein i størst mogleg grad gjennomført vanleg møteverksemd. AU har veksla på fysiske og digitale møter og heimekontor. To i AU var i praksis i haustsemesteret, noko som gjorde det vanskeleg å vere fulltallige på møta. Men AU har minimum hatt tre på kvart møte og vore vedtaktsdyktige.

Arbeidsutvalet har jobba med ei rekke større organisatoriske saker t.d. revidering av samarbeidsavtalen mellom HVO og Studentparlamentet, vidareutvikling av tillitsvaldsystemet til organisasjonen og aktiv deltaking i Velferdsgruppa sitt arbeid gjennom året.

3.2 Synlegheit og profilering

Informasjonsansvarleg tiltrådte etter parlamentsmøtet i slutten av januar, etter ein periode der dette vervet ikkje hadde vore bemanna. Instagramkontoen vart endra til bedriftskonto, og vi har fått fleire følgjarar, men må jobbe vidare med å auke følgjarbasen vår og nå fleire gjennom våre sosiale media-kanalar.

Mykje arbeid vart etter kvart knytta til profilering av val til parlamentet. Til neste år bør dette starte tidlegare slik at ein sikrar nok studentar som stiller.

Vi oppdaterte brosjyren «Engasjer deg i Volda» til studiestart/fadderposane». Denne kan med fordel også gjerast digital.

Nytt av året var digital julekalender, noko AU drog i land på hengande håret, men som bør planleggast betre til neste år for å ha betre oversikt over kven som har ansvar for kva, og korleis det skal publiserast.

På hausten starta arbeidet med ein ny mediestrategi som byggjer på målsetningane i arbeidsprogrammet for 2020-21. Dette må følgjast opp vidare i 2021.

4. Studentvelferd og arrangement

4.1 Jobbsøkjarkurs i februar

HVO og Studentparlamentet samarbeida med LO Møre og romsdal om jobbsøkjarkurs 4. februar. Kurset hadde stor interesse, over 80 studentar deltok, og vi fekk positive tilbakemeldingar i etterkant. Initiativet til kurset kom frå ein masterstudent på Master in Media Practices.

4.2 Internasjonale studentar

Fleire internasjonale studentar var engasjerte i parlamentet både vår- og haustsemesteret. Språk på møta vart diskutert og nokre møter har hatt engelsk tale, men sakspapir på norsk.

På grunn av covid-19 restriksjonane var alt av inn- og utveksling for haustsemesteret avlyst. Vi hadde ca. 40 internasjonale studentar mellom NIS og MMP studentar. Sjølv om velferdstilbod har vært avgrensa av smittereglar, har AU samarbeida tett med Pangaia og Internasjonalt kontor.

Før jul bidrog vedtok AU å bidra økonomisk til gjennomføring av Pangaia si juleavslutning for 20 internasjonale studentar. Det vart også organisert fleire tiltak i samarbeid med Velferdsgruppa, Pangaia og ReAct, som juleverkstad m.m. for å ha sosiale aktivitetar og motverke einsemd i jula og førjulstida. Tiltaka vart ikkje mykje brukt, men det var viktig å kunne tilby noko. AU fekk gode tilbakemeldingar på Pangaia sin julemiddag.

4.3 Velferdsgruppa

Samarbeidet med Velferdsgruppa har vore svært viktig dette året. Arbeidet i gruppa gjer det lettare å koordinere og finne gode løysingar på koronarestriksjonane. Fleire i AU har deltatt i planlegging og gjennomføring av kampanjar, klassebesøk, digitale og fysiske arrangement.

På vårparten var det planlagt ei Trivselsveke som måtte nedskalerast og delvis gjerast digital. Også på hausten vart arrangement knytt til verdsdagen for psykisk helse/psykisk helse-månaden tilpassast restriksjonane. Fleire arrangement har blitt avlyst eller endra karakter grunna korona og uforutsett fråver som følgje av korona.

Utover korona-utfordringane, har kontinuitet vore ei utfordring. Vi har hatt tre ulike personar som velferdsansvarleg ila året. Leiар og org.kons. har difor delteke i gruppa.

4.4 Psykisk helse-månaden i oktober

Velferdsgruppa nyttar god tid på å planlegge og gjennomføre denne hendinga. I år hadde ein fokus på korleis ein kunne vere ein god venn. For å gjere dette hadde ein fokus på møteplassar der studentar kunne stifte venskap og finne nokon å prate med. Grunna pandemien var det noko lav deltaking, men dette stogga ikkje gjennomføring når studentar møtte opp. Ein har i lys av dette sett at fokuset på arrangement bør vere å gjennomføre for dei som møter opp, sjølv om det er lågt oppmøte.

4.5 Førstehjelp i eksamenstida

Biblioteket har i stor grad teke over dette arrangementet, men har inkludert Velferdsgruppa i planlegging og gjennomføring av kurs. AU er nøgde med at dette har blitt eit fast tilbod som kan hjelpe studentane med problemstillingar knytt til eksamen. Det har vore fokus på oppgåveskriving, strukturering av studiedagen og pup-up tilbod med mat. Hendinga vart kortare enn fjaråret grunna bemanningskapasitet på biblioteket.

Mykje av programmet vart gjort digitalt, med unntak av første arr. om oppgåveskriving som fann stad på biblioteket. Ei god erstatning for fysiske arrangement, var at Velferdsgruppa av og til hadde rundar der dei delte ut ein matbit til studentar som befann seg på BK.

5. Tillitsvalde og Studentrådet

5.1 Kontaktinfo til tillitsvalde

Som fleire år tidlegare, har det vore krevjande å skaffe kontaktinfo til dei tillitsvalde. Erfaringar frå fagansvarleg i fjar gav tilråding om å lage eit skjema som avdelingane kunne fylle ut. Det var utfordringar med å få lage eit skjema som passa til oppbygginga av alle studieprogramma, og det vart brukt mykje tid på å få til dette. Då skjemaet til slutt vart sendt ut, oppstod det utfordringar med å finne rett person til å fylle det ut. Etter dialog med prorektor planlegg vi eit betre system frå og med studiestart 2021, der dette blir systematisert på emnenivå.

5.2 Allmøte for tillitsvalde - Studentrådet

Studentrådsmøte i februar

Det vart oppretta fb-event for å minne folk på arrangementet og sendt ut e-post. Det møtte ca 15 studentar. Fagansvarleg Mathilde Gaalaas-Berg organiserte møtet, og studentombod Kjersti Møller og Studenthumanist Lone Knutsen i Velferdsgruppa hadde innleiingar. 1 ½ time var litt kort, men fekk mykje positive tilbakemeldingar frå deltakarane på å ha Studentombodet der. Ønske om å treffe henne tidlegare i studieåret.

Studentrådsmøte i november

Etter å ha fått inn kontaktinformasjon til dei tillitsvalde på hausten, vart det kalla inn til møte i Studentrådet. Her fekk vi vite frå flerie som møtte opp at dei ikkje hadde fått innkalling på mail, noko dei skulle ha fått. Dette seier noko om viktigheita av at avdelingane gir oss rett informasjon som er systematisert på ein måte som gjer det brukbart for AU.

Studentrådet vart arrangert i samarbeid med prorektor, og hadde godt oppmøte med ca 30 studentar. Fagansvarleg fortalte om rolla som tillitsvald, prorektor orienterte om kvalitetssystemet til skulen, og leiar kom med nokre eksempel på korleis ein kan løyse ulike saker som tillitsvald. Vi hadde gruppearbeid der vi fekk innspel til studiekvalitet og studentmiljø, særleg ut i frå koronasituasjonen.

6. Studiestart 2020

6.1 Fadderveka

Til å byrje med bør det nemnast at sjølv om det står i arbeidsomtalen til velferdsansvarleg at vedkomande er kontaktperson mellom AU og Fadderstyret, er dette noko AU tykkjer bør overførast til leiar. Dette kjem av at leiar er med både i utlysings-, tilsetjings-, planleggings- og gjennomføringsfasen i større grad enn velferdsansvarleg. Dette er særskilt viktig når ein har mykje utskifting av enkeltverv.

AU opplever at vi har hatt eit godt samarbeid med Fadderveka, men at i ein situasjon der kommunikasjonen vart digital og ein såg lite til kvarandre, vart terskelen litt høg for begge partar. Fadderstyret var i ein krevjande planleggingssituasjon med usikre og skiftande smitteverntiltak heilt fram til studiestart. Arbeidsfordeling og forventningar knytt til planlegging mellom fadderstyret, AU og HVO kunne vore betre. Dette var ikkje så lett å fange opp undervegs, men kom tydelegare fram i evaluering og avslutning av rekneskapet av Fadderveka.

AU planlegg å ha ei meir systematisk opplæring og tettare oppfølging av neste års Fadderstyre for å sikre at dei kjenner seg ivaretatt gjennom planlegging og gjennomføring, og at Fadderveka får best mogleg kvalitet.

Sjølve gjennomføringa av Fadderveka gjekk kanskje betre enn forventa, og vi fekk ei trygg, smittevenleg og alkoholfri Fadderveke. Arrangementa i Fadderveka vart godt mottekte av studentane, og dei nasjonale smittevernreglane vart lagt til grunn. Fadderstyret takla godt eit sterkt medietrykk retta mot seg, då fleire studiestadar opplevde smitteutbrot i samband med Fadderveka. Det viste seg i etterkant at Volda ikkje hadde nokon smittetilfeller knytt til Fadderveka. Applaus for Fadderstyret!

6.2 Val av nytt Studentparlament

Vi starta rekruttering til Studentparlamentet heilt første studiedag, og fekk fulle lister til vi skulle gå til val. Ideelt sett skulle vi ha fleire kandidatar frå enkelte avdelingar og større deltaking i valet, men sett i lys av pandemien, er vi nøgde med at vi kom i mål med rekruttering og oppstart.

Grunna smittetiltak var det minimalt med fysiske standar til promotering, men digitale plattformer vart nytta for å kompensere. Vi valde å bruke bilete av kandidatane i promotering gjennom HVO sine nettsider. Det vil vi tilrå framover også, då det gjer valet litt meir personleg enn berre eit namn og ein motivasjonstekst.

Valoppslutninga var på 5-6 %, noko som var svært lågt. Dette ser vi også i valoppslutninga på andre institusjonar, og pandemien gjorde det ekstra krevjande å nå ut. Vi må uansett ha dette som viktig fokusområde til neste års val.

Vi fekk gjennomført fysisk oppstartshelg med kurs og opplæring for dei nye i parlamentet i september, før første parlamentsmøte. AU opplevde det som positivt å ta dette som ei overnattingshelg tidleg på hausten i staden for hyttetur før jul, som har vore vanleg tidlegare. Det gjorde det lettare å bli kjent med alle i organisasjonen. Vi reiste til Kjeldsund i Herøy, som er ein fin plass å ha sosiale og faglege samlingar.

Under sjølve samlinga hadde vi besøk frå NSO, SAIH, student frå Høgskulestyret og Studenthumanisten i Volda. Desse aktørane anbefalast å inkludere også ved neste opplæring, ettersom dei gir eit godt bilet av aktørane vi samarbeider med til dagleg.

7. Samarbeid

7.1 Samarbeid med leiinga ved HVO og Studentsamskipnaden

Det har i 2020 vert eit godt og tett samarbeid mellom desse tre aktørane. Vi har t.d. hatt faste leiingsmøter ca ein gong i månaden, der alle partane tek opp saker og ser på korleis ein koordinerer oppgåver og samrabideidar seg i mellom.

Under pandemien har leiar delteke og vore fast representant i kriseleiinga ved HVO, som har hatt møter 1-2 gongar i veka frå det vart sett krisestab 12. mars. Dette er vi i AU særskilt nøgde og takksame for. Det har gjort det enklare å kommunisere og

vidareføre kritisk viktig informasjon vidare i vår organisasjon og ut til studentane. Det har også gjort det mogleg å ivareta studentane på eit høgt plan ovanfor HVO.

Under styreseminaret i starten av haustsemesteret, deltok nestleiar/infoansvarleg Anna på vegne av AU.

Velferdsansvarleg og Leiar har deltatt gjennom Velferdsgruppa der alle tre aktørane er representert, og som har gjer ein viktig jobb med det førebyggjande og helsefremjande arbeidet på tvers av velferdstilbodet retta mot studentane, som har vorte så ekstra nødvendig og verdifullt i koronatida.

7.2 Studentrådet i UH-nett Vest

På vårsemesteret deltok leiar aktivt på fysiske og digitale samlingar nettverket arrangerte. Studentrådet 19/20 var på studietur til Utrecht der ein deltok på konferansen 2020 European Learning & Teaching Forum.

Studentrådet deltok ikkje på Solstrandseminaret, ettersom dette vart avlyst etter nedstengingen 12. Mars. Ved overlapp reiste leiar og ny nestleiar frå Volda til Bergen på samling.

Eit viktig fokus for styret i Studentrådet dette året har vore på erfaringsutveksling. Studentrådet har møteverksemeld i Bergen og over zoom på hausten.

7.3 Norsk Studentorganisasjon (NSO)

På vårsemesteret deltok ikkje Studentparlamentet på det vanlege formøte og landsmøte, ettersom dette vart avlyst, men ein deltok på det digitale landsmøtet der val til organisasjonen vart gjennomført. Her stilte Trym Nikolas Rimmen til Internasjonal ansvarleg i arbeidsutvalet til NSO, men vart ikkje vald inn. Etter dette vart det også halde eit digitalt landsmøte på hausten der studentparlamentet deltok. Sidan påmeldingsfristen var før første parlamentsmøte, peika AU ut to deltagarar.

Studentparlamentet har elles samarbeida med NSO gjennom blant anna Høstkonferansen, høyringar utsendt av organiasjonen, toppmøter og leiarsamlingar.

7.4 SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond

På opplæringsseminaret for Studentparlamentet (SP) deltok SAIH sin leiar, Sunniva Folgen Høiskar, og introduserte organisasjonen og arbeidet deira. Hun fortalte til SP korleis SAIH nytta pengane dei får gjennom ordninga med SAIH-tiarane som blir betalt frivillig over semesteravgifta.

Internasjonalt ansvarlig, Paloma Lorenzale Alonso, deltok på SAIHs nasjonale forsamling i oktober 2020.

8. Økonomi

8.1 Budsjett og rekneskap for 2020

Budsjett for 2020 vart vedtatt på parlamentsmøte 27. januar. Støtta på 100 000 kr frå SiVolda og 125 000 frå HVO var som tidlegare år. I tillegg søkte AU midlar med NSO og fekk innvilga 15 000 kr til prosjektet «Brunost Language & Sandwich Club».

Ubrukte midlar blir ikkje oveførte til seinare år, så AU jobbar heile tida med å setje opp eit så realistisk budsjett som råd. Men koronaen som inntraff i mars var det ingen som kunne planlegge for. Den gjorde at parlamentet fekk mindre utgifter enn budsjettet til aktivitetar som reising, kurs, møter og seminar.

Studentparlamentet hadde eit driftsresultat (overskot) på 75 343 kr. Sjå budsjett og rekneskap i tabellen under.

Budsjett og rekneskap 2021

Inntekter

| | | | | |
|--------------------------|-----------|----------------|-----------|----------------|
| Støtte frå HVO | kr | 125 000 | kr | 125 000 |
| Støtte frå SiVolda | kr | 100 000 | kr | 100 000 |
| Inntekter frå Standleige | kr | - | kr | 1 000 |
| Prosjektmidlar NSO | kr | 15 000 | kr | 15 000 |
| Sum | kr | 240 000 | kr | 241 000 |

Utgifter

Budsjett

Rekneskap

Til gode

Drift av Studentparlamentet

| | | | | | | |
|---------------------------------------|-----------|----------------|-----------|---------------|-----------|---------------|
| Seminar, kurs o.l. | kr | 30 000 | kr | 15 445 | kr | 14 555 |
| Møtegjennomføring | kr | 25 000 | kr | 13 964 | kr | 11 036 |
| Informasjon/profilering | kr | 25 000 | kr | 21 204 | kr | 3 796 |
| Sosialt | kr | 25 000 | kr | 18 363 | kr | 6 637 |
| Drift/kontor | kr | 10 000 | kr | 2 952 | kr | 7 048 |
| Anna | kr | 10 000 | kr | - | kr | 10 000 |
| Brunost language and Sandwich club | kr | 15 000 | kr | 6 286 | kr | 8 714 |
| Sum | kr | 140 000 | kr | 78 214 | kr | 61 786 |

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar

| | | | | | | |
|-------------------------------|-----------|----------------|-----------|---------------|-----------|---------------|
| Fadderveka | kr | 5 000 | kr | 5 000 | kr | - |
| Pris for internasjonalisering | kr | 5 000 | kr | 5 000 | kr | - |
| Studentorganisasjonar | kr | 90 000 | kr | 76 443 | kr | 13 557 |
| Sum | kr | 100 000 | kr | 86 443 | kr | 13 557 |

Som totalt

Budsjett

Rekneskap

Til gode

Driftsresultat

| | | |
|----------------------------------|-----------|---------------|
| Inntekter | kr | 240 000 |
| Utgifter | kr | 164 657 |
| Årets driftsresultat 2020 | kr | 75 343 |

8.2 Tildeling av velferdsmidlar

Støtta på 100 000 kr som Studentparlamentet får frå SiVolda vart i 2020, er øyremerka støtte til studentorganisasjonar, og blir distribuert via ordninga med velferdsmidlar. AU mottok 12 søknadar om velferdsmidlar, 6 på vårsemesteret og 6 på haustsemesteret. Alle søknadane vart innvilga.

| Støtte til studentorganisasjonar - Velferdsmidlar 2020 | | | | | |
|--|-------------------------------------|--|--|-----------|---------------|
| V2020 | VEKA i Volda | VEKE-revyen 2020 | | kr | 7 000 |
| | Natura Volda | Tur-aktivitetar gjennom semesteret | | kr | 7 000 |
| | Student-TV Volda | Teknisk utstyr | | kr | 7 000 |
| | PØ om PØ Designkollektiv | Mat og utstyr gjennom semesteret | | kr | 7 000 |
| | Dokfilmfestivalen | Reise og opphold, Bergen internasjonale filmfestival | | kr | 7 000 |
| | Volda studentradio | Jinglepad og arrangering av Knaggen-prisen | | kr | 7 000 |
| H2020 | Volda Studentradio | Radiofagleg kurs + sosiale tiltak | | kr | 7 000 |
| | Natura Volda | Turar hausten 2020 | | kr | 7 000 |
| | Dokfilm | Reise og opphold BIFF | | kr | 7 000 |
| | Student-TV | Innkjøp av nytt kamerautstyr | | kr | 7 000 |
| | StudentKRIK Volda | Bli kjent-tur | | kr | 3 000 |
| | Pangaea | Juleavslutning, internasjonale studentar | | kr | 3 443 |
| | Sum totalt | | | kr | 76 443 |
| | Til gode av budsjettet på 90 000 kr | | | kr | 13 557 |

Vi fekk færre søknadar i 2020 (12 stk) enn tidlegare år. Til samanlikning behandla vi 20 søknadar i 2019 og 24 i 2018. Dette kan i stor grad forklarast med pandemien og dei vanskelege forholda for å drive med studentaktivitetar.

AU tildelte også 5 000 kr til Fadderveka og 5 000 kr til Pris for internasjonalisering, som i 2020 gjekk til Natura Volda.

Studentparlamentet sit att med 13 557 kr i ubrukte velferdsmidlar som var tiltenkt studentorganisasjonar for 2020. Målet for 2021 må vere å få inn så mange og gode søknadar at heile potten kjem studentorganisasjonane til gode.